

HAREID ROTARY KLUBB



MÅNEDSBREV MAI 2005.

ÅRGANG 40

DISTRIKT 2280

Møtedag: Mandag kl 18.00 - 19.00

Møtested: Klubbhuset til
Hareid IL
6060 Hareid

President: Ingar Bigset

Vispres.: Arve Røyset

Sekretær: Trygve Riise

Kasserer: Oddvar Haugen

Past pres.: Elisabet Sundgot

Styremedlem: Arne Lillebø

Styremedlem: Hans Gisle Holstad

Leiar ungdoms

utveksling: Otto Holstad

Ansv. Red.: Sverre Bjåstad

Referent: Egil Utgård

Fødselsdager i mai:

Johan Ole Brandal 23.05

Halkjel Dahle 06.05

Arne Holstad 05.05

Hans Otto Rise 27.05

100%frammøte mai 2005:

Ingår Bigset Oddvar Haugen

Sverre Bjåstad Vigdis Riise

Johan Ole Brandal Arve Røyset

Ågot Riise Egil Utgård

John Stennes Trygve Riise

Jarle Klungsøy Arne G.Grimstad

Håvard Jan Nytun

Frammøte 62,1%

Vårsgong

Å nei, for himmel rein og klår!

Å sæle meg, no er det vår!

No spelar liv om land og strand;

Å sæle meg, at opp eg vann!

Å nei, for dag vår Herre gav!

Så skirt om fjell, så svalt i hav!

Så linn ei luft, så høgt om haug!

Og dette sæle solskinslaug!

Å nei, eg høyrer lerka slå
opp under bleike himmelblå;
mot kveld ho stig med songen sin;
snart når ho visst i himlen inn.

Sjå måken ror frå klåre nut
I stille tak mot havet ut;
og fugl det kvitrar, kved og syng
i tun og tre, i lund og lyng.

Og å, som soli lognar trygg
som varmeflaum om barm og rygg!
Og gjennom alt den milde dag
det mjuke, salte havsens drag!

Det brydder strå, det sveller knopp,
og sevja stig i treet opp;
ein dåm det vaknar söt og tung....
Å sæle meg som er så ung!

Tekst: Arne Garborg

Møte 2. mai 2005.

Vi starta møtet med å synge” Å nei for himmel rein og klår.” Det er Garborg som har skrive teksta til denne songen, som passa godt no når våren er kome for alvor.

Ingar orienterte så om Ryla seminaret som skal haldast på Ulstein Hotell og bad oss kome med aktuelle kandidatar. Vidare gratulerte han alle som hadde årsmålsdag no i mai. Etterpå vart det diskusjon kring dugnaden på Holesanden som skal haldast 26. juni, og dugnad i høve turstien langs Hareidelva. Mange tok del under diskusjonen og gav uttrykk for sine meningar.

Programmet for kvelden var Ego-foredrag som Ågot Riise skulle halde.

Ho fortalte frå sin barndom og oppvekst i Geilane i ein syskenflokk med 6 jenter.

Aktivitetane var mange. Ho nemnde bading og skeisegåing på Grimstadvatnet og perlefangst i Hareidelva. Heilt frå ho var ung hadde ho vore flink med hendene sine, og symaskinen hadde vore flittig i bruk. Ho gifta seg i 72 med Terje Riise. Seinare bygde dei seg hus og løe på Riise, der dei dyrka opp store areal og hadde husdyr som gris, kviger, oksar og sauvar. I tillegg dreiv dei butikk i Hareid sentrum. Då Terje dødde av ein alvorleg sjukdom i 1996, tok Ågot over drifta av forretninga. Ho bygde ny butikk i 1997-1998.



Slik ser den nye forretningsgarden ut i Hareid sentrum i dag.

No driv ho forretninga saman med den eldste sonen sin. I tilstøytande lokale driv den nærmeste familie frisørsalong.

Ågot har også teke seg tid til å drive som instruktør for dei unge turnjentene i mange år.

Møte 9. mai 2005

Denne måndagen var vi på bedriftsbesøk til **Ulstein Betongindustri AS på Haddal**.

Bedrifta som vart starta så tidleg som i 1955 av Tolleiv og Leif Moldskred, og som i år feirar 50 års jubileum, har hatt mykje og seie for byggeaktivitetane her i distriket.

Vidar Moldskred tok imot oss og orienterte om bedrifta.

Slik ser bedrifta ut i dag



Det var ikkje lett å starte opp nye bedrifter i 1955. Då bedrifta skulle kjøpe sin første traktor, ville banken ha garanti for lånet som var på 12.000. Ulstein kommune ville ikkje garantere, då dei meinte at der ikkje var behov for ein traktor i kommunen. Gardbrukarane meinte og at ein traktor ville øydelegge holveitene på jordene.

Derimot meinte Hareid kommune at behovet var tilstades og garanterte for summen. Dermed fekk dei lånet og traktoren vart kjøpt.

Seinare då dei skulle investere i det første anlegget for ferdigbetong, måtte dei heilt til Volda Sparebank for å få lån.

Bedrifta driv med ferdigbetong, har eiga entreprenøravdeling innanfor grunn og betong, og er i tillegg spesialistar i å støype store betongfloter som dei sel ikkje berre her i landet, men også i utlandet. I alt har dei levert 22 slike flotar.

Då vi var på besøk heldt dei på med ein stor kaiflote som skulle leverast til Geiranger no før turisttrafikken set inn.

Jarle og Sigbjørn kontrollerer at flytebrygga er klar til bruk før den vert slept til Geiranger.



Bedrifta held til på området ved sjøen der Tøssebro i si tid hadde røykeri, og Ludvik Moldskred dreiv butikk og ekspedisjon.

Mange av oss har gode minner derifrå.

Bedrifta har i dag 35 tilsette, og har ein omsetnad på ca.45 milj. Der er 18 aksjonærar og 7 av desse er aktive i bedrifta.

I dag er det Vidar, sonen til Tolleiv Moldskred som er leiar av bedrifta.

Siste året har dei hatt store leveransar til Eiksundbrua, både som underleverandør av senkekassene for brufundamenta, og leverandør av ferdigbetong til bru-kara og bru-dekket.

Ingår overleverer blomar som takk for besøket.



Møte 23. mai 2005

Denne måndagen var det dugnad på Holesanden. For eit år sia tok Rotary initiativ til å bygge ei badebrygge som vi angra opp utanfor badestranda. Denne har vore lagra på land no i vinter, men no var det på tide å få sett den på vatnet igjen før bade- sesongen tar til. I tillegg skulle vi rydde og stelle området.



Området er svært populært for born. Mange møtte fram til dugnaden. Til saman var vi 25 med grafse og rive, fulle av arbeidslyst.

Vi hadde fått lovnad på fjøresand fra Dagen-tomta, og i løpet av måndagen skulle denne sanden køyrast fram til Holesanden. Vårt arbeid var å jamne den utover og finplanere området. Det var alt gjort då vi kom fram.

Her ser ein karane i fullt arbeid



Nokre tok heldigvis oppgåva meir alvorleg enn andre og rydda området for rot og søppel, som vart brent.

Vigdis var ein av dei.



Etter den harde arbeidsøkta var det godt med ein pause der presidenten serverte kaffi og kaker. Dette sette alle stor pris på. Veret var fint, og Jarle serverte lokale historier som vi ikkje skal gjenta.

Her ser vi Trygve og Sanjayan som tar seg ein velfortent kaffi



Etterpå var det sjøsetting av floten, og få den på plass ute på vatnet. Her hadde vi fått hjelp av ein av dei fastbuande i Kvamen, som slepte floten ut på djupet

Så er det berre å vente på sol og sommar

